



God start på juleutstillinga

Om det er noko hald i ord-taket om at godt begynt er halvt fullendt – ja, då teiknar det til å bli ei svært bra juleutstilling i Galleriet i år!

VIDAR PARR

For opninga fredag var svært vellukka. Mykje folk, god stemning, gode innslag – og ikkje minst: Mykje flott kunst på veggane til å gle seg over – og eventuelt kjøpe.

Sonja Reite er fødd og oppvaksen i Skår og debuterte i dette galleriet. No er ho tilbake. Med sin eigen stil – ein stil som fell i mange sin smak. Det var då også

etter måten mange raude prikkar å sjå på bilete alt etter eit par dagar. Reite var sjølv til stades ved opninga og fortalde litt om korleis ho lever og arbeider. Enno er ikkje kunsten levebrødet, ho har "sivilt" yrke ved sidan av. Kjellaug Jakobsen Vik fortalde litt om den andre kunstnaren, Anna Kristin Fering frå Karmøy. Ho kunne ikkje sjølv vere til stades. Men dei spesielle, nesten naivistiske og sterkt forenkla bileta hennar, vart ivrig studerte. Særmerkte er dei, og slett ikkje utan humor. Og også her vart det eigarskifte på fleire.

Underholdning

Sølvi Erviksæter Sjøstad stilte opp med

fela si og presenterte sjølv innslaga med humor og snert. Først fekk vi høyre eit par Bolstad-melodiar, i ei seinare to julesongar, med den vakre "mitt hjerte alltid vanker" som finale.

Det verbale innslaget var det Gerd Vik Flø som stod for. I minikåseriet om det gamle syvde-målet vekte ho nok minne hos mange som var til stades, og ho fekk låtten fram under demonstrasjonar av stungne d-ar og nokre av dei til saman 18 (!) diftongane som skal finnast i det særprege språket.

Og så – ja så var det kaffi, litt å bite i, drøs og naturlegvis studie av bileta. Jau, dette var sanneleg godt begyndt".

STEMNING: God stemning var det, det går tydeleg fram av biletet av utstillar Sonja Reite og gallerist Birger Vik. Dei verkar nøgde begge to – og det var då heller ikkje grunn til noko anna!

KÅSERI: Gerd Vik Flø (øvt) kåserte om det gamle Syvde-målet som no etter kvart vatnast ut.

MUSIKK: Sølvi Erviksæter Sjøstad sytte for musikken.

Ungdomskulturarbeidaren på plass

– Eg trur det ligg store mulegheiter for ungdomen til å påvirke utviklinga om dei får hjelp til å gjere seg nytte av dei kanalar som finst, seier Hilde Myklebust.

VIDAR PARR

Hilde Myklebust er engasjert av Vanylven kommune til ei prosjektstilling på 50 % som ungdomskulturarbeidar. Ein har fått midlar til dette til 2009.

– Hovudoppgåvene mine no i første omgang blir å få ungdomsrådet til å fungere igjen. Dette er sett saman av folk frå elevråda på ungdomsskulane og den vidaregåande skulen. Ungdomsrådet kan ha ein ganske stor innverknad på saker som vedkjem ungdomen, om ein nyttar seg av dei kanalar og ordningar som finst. Men siste åra har arbeidet meir eller mindre lege nede i Vanylven på grunn av mangel på folk til å ta seg av det, seier Hilde Myklebust. Ho registrerer under skulebesøka sine at det slett ikkje er mangel på interesse frå

ungdomen si side.

– Under desse beøka er det viktig for meg å lytte til kva ungdomane sjølve har å seie. Eg skal då på ein måte snakke deira sak, vere her for dei. Eg må også nemne at Vnaylven er såkalla MOT-kommune. Dette er også noko eg skal ta tak i og prøve å følge opp.

Kulturmonstring

I år skal dessutan Vnaylven ha si eiga kulturmonstring. Det skjer 9.februar.

– Vi har fleire påmelde alt og satsar på at det fleire til. Vi har tidlagare hatt monstring saman med Sande, men no prøver vi altså for oss sjølve. Litt ambisøst, kanskje. Men vi må ha ambisjonar! seier Hilde Myklebust som alt er i full gang med jobben som ho altså skal kombinere med skrivning, turneverksemd og småbruk i Syltedalen.

SKULEBESØK: Hilde Myklebust i grøn UKM-gensar på skulebesøk ved Åheim skule. (FOTO: Kjell Brenne)

